

Maren H. Bjørnebøle debuterte på damelaget.

27.04.2015



Frå kamp med damelaget i fjar med debutanten Maren H. Bjørnebøle innfeldt.

Søndag spela damelaget til Rosendal/Trio sin 2. seriekamp for året. Etter at dei vann heimekampen mot Tertnes sist helg med 3 - 0, vart det eit knapt 3 - 2 tap denne helga mot Askøy på Follesø Kunstgrasbane. Verd å merka seg i denne kampen er det at uskedalsjenta Maren Huse Bjørnebøle debuterte og kom fint frå debuten.

Det var ein jamn kamp på Follesø, Askøy leia 1 - 0 ved pause, og sluttresultatet vart altså 3 - 2. Dermed står Rosendal/Trio med ein siger og eit tap til no. Dei spelar i 4. divisjon.

Det var 2 uskedelingar på laget i denne kampen. I tillegg til Maren var det Kari Bråtun. Til vanleg spelar også Gørill Samland Eik fast på dette laget, men ho var forhindra i å vera med søndag.

I tillegg kan lagleiar Svein Ove Bråtun fortelja at Ingebjørg Haugland som no går inn i den avsluttande perioden i studieåret ved Idrettshøgskulen, har meldt tilbakekomst til Rosendal. Ho spela i haust for Lyn Oslo. Lagleiaren er glad for å ha Ingebjørg med på laget att. Ho spela kampen forrige helg, og han reknar med ho vert med komande helg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen